



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Brukarmedverknad på
barneverninstitusjon

User participation in residential care

Bachelor i barnevern

BSV5-300

Avdeling for samfunnsfag/Institutt for barnevern, sosialt arbeid og
vernepleie/

26.05.2017

8566 ord

KANDIDATNUMMER: 192

Espen Aaserød

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er
brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.

Abstract

User participation is a lawful right that all young adults under child welfare have. As a social worker in residential care you will have to work to let young adults contribute and participate in decisions which concern their lives. In order to do this you will have to establish a relationship with the young adults. This relationship depends on factors such as trust, good communication and cooperation. The social worker must be credible in the way he or she acts and behaves around the young adults, if not the social worker can create distrust. General therapy in residential care can strengthen, but also hinder the user participation, this by not listening to, nor take into account the wishes and meanings of the young adults. User participation is not a one-way street. To manage to use user participation satisfactory one is dependant on both the young adult and the social worker to cooperate, and together find the best solution to a situation or problem. The residential care and the social worker working there will also always have a deciding power, and often the final say in discussions. The importance of user participation will then be to make the young adults wishes and meanings be heard and recognized.

This bachelor thesis is built upon research on young adults experience with user participation in residential care, with the intention of looking at how a social worker in residential care can facilitate user participation.

Innholdsliste

1.0 Innleiing	2
1.1 Grunngeving av temaval og førforståing.....	2
1.2 Problemstilling.....	2
1.3 Oppbygging av oppgåva.....	3
1.4 Avgrensing.....	3
1.5 Kunnskapsstatus	4
2.0 Metode: Litteraturstudie	4
2.1 Litteratursøk.....	5
2.2 Kjeldekritikk.....	6
3.0 Teori	7
3.1 Det juridiske grunnlaget for brukarmedverknad	7
3.1.1 FNs barnekonvensjon artikkel 12.	7
3.1.2 Lov om barneverntjenester (Barnevernloven).....	8
3.2 Brukarmedverknad	8
3.2.1 Modell for gradering av brukarmedverknad.....	9
3.3 Miljøterapi	11
3.4 Miljøterapeutrolla	12
3.4.1 Relasjon og makt	12
4.0 presentasjon av forskingsdata	13
4.1 Artikkel 1	14
4.2 Artikkel 2.....	15
4.3 Artikkel 3.....	15
5.0 Drøfting	16
5.1 Kva seier ungdommen om brukarmedverknad?.....	16
5.2 Brukarmedverknad i lys av Arnstein (1969) sin modell.....	17
5.3 Korleis jobbe for å fremme brukarmedverknad?.....	18
5.4 Miljøterapi som ein hemmande faktor for brukarmedverknad.....	21
6.0 Oppsummering	22
7.0 Litteraturliste	24

1.0 Innleiing

«The idea of citizen participation is a little like eating spinach: no one is against it in principle because it is good for you» (Arnstein, 1969, s.216). Slik innleiar Sherry Arnstein (1969) artikkelen sin om borgarmedverknad. Ytringa til Arnstein (1969) vil også vere overførbar til temaet brukarmedverknad, ettersom retten til brukarmedverknad er anerkjent, men samstundes ikkje alltid vektlagt.

Brukarmedverknad er ein lovfesta rett som alle brukarar av ulike tenester i helse- og sosialtenesta har, det kjem fram av barnekonvensjonen og lov om barneverntjenester §§ 4-1 fyrste ledd & 6-3 andre ledd. I denne oppgåva har eg vald brukarmedverknad på barneverninstitusjonar som tema. Ein barneverninstitusjon fungerer som heimen til dei barna og eller ungdomen som er plasserte der etter ulike paragrafer i barnevernslova. Tal frå Statistisk sentralbyrå viser at det i 2015 vart det fatta 10 069 omsorgstiltak (Statistisk sentralbyrå, 2016). Ved utgangen av 2015 var 1230 barn og unge plasserte i barnverninstitusjonar (Statistisk sentralbyrå, 2016, 01.07).

1.1 Grunngjeving av temaval og førforståing

I løpet av studie hadde eg eit praksisopphald på ein omsorgsinstitusjon. Der følte eg at det var rom for brukarmedverknad, men samstundes oppfatta eg at brukarmedverknaden omhandla innkjøp av mat, aktivitetar på ettermiddagen eller korleis ein skulle vekkje den enkelte ungdommen neste morgon. Eit av bileta som festa seg er kjøleskapet. Eit kjøleskap som til ei kvar tid var overfylt med mat og drikke. Dette kan sjåast som eit bilete av brukarmedverknad, ved at barn og unge får vere med å bestemme kva dei vil ha til mat, men er det éin god form for brukarmedverknad? Etter dette begynte eg å tenke på kor mykje barn og unge på barneverninstitusjonar eigentlig har å bidra med av avgjersler på institusjonen? Og korleis kan ein legge til rette for brukarmedverknad på institusjonen?

1.2 Problemstilling

«Korleis kan ein miljøterapeut på ein barneverninstitusjon legge til rette for brukarmedverknad på bakgrunn av barn og unge si erfaring med opplevd brukarmedverknad?»

På bakgrunn av tema har eg formulert problemstillinga ovanfor. Eg ønske å sjå på barn og unges erfaringar av opplevd brukarmedverknad. På bakgrunn av funna drøfte korleis ein som miljøarbeider på ein barneverninstitusjon kan legge til rette for brukarmedverknad.

1.3 Oppbygging av oppgåva

Vidare vil eg fyrst komme med avgrensingar for oppgåva og presentere kunnskapsstatus. Etter dette i kapittel 2 vil eg presentere val av metode, her vil litteratursøk prosessen og kjeldekritikk bli omtalt. Teorigrunnlag vil bli lagt fram i kapittel 3. Her vil det bli presentert juridiske rammer for brukarmedverknad, i tillegg til teori om miljøterapi, miljøterapeutar, ungdom på institusjon, og brukarmedverknad generelt. Vidare blir datamateriellet eg skal nytte i drøftinga presentert for seg sjølv i kapittel,4. Drøftinga tek til i kapittel 5. Her vil eg setje datamateriellet opp mot teorien og argumentere det opp mot problemstillinga.

1.4 Avgrensing

I oppgåva kjem eg til å avgrense nokre omgrep. Når det kjem til barn og unge så vil det framover verte *ungdom*. Eg kjem også å nytte *ungdom* i staden for omgrepet *brukar*. Dette på grunnlag av at i boka *Brukermedvirkning i barnevernet*, er det ingen av intervjuobjekta som likte nemninga brukar. Det blir heller sagt at ein kan nytte ungdom som fellesnemning (Seim & Slettebø, 2007, s.33).. Eg kjem også til å bruke *miljøterapeut* i staden for miljøarbeider, sosial arbeider, fordi dette føler eg vil skape mindre forvirring.

Det er ulike typar barneverninstitusjonar, og ulike paragrafar som ungdom vert plassert etter avhengig av type institusjon. Ofte skil ein mellom omsorg-, åtferd- og rus institusjonar. Når ein ser på brukarmedverknad. Institusjonane praktisera brukarmedverknad ulikt, og ofte vil det tenkast at det er meir rom for brukarmedverknad på omsorgsplassering enn på tvangsplassering. Institusjonar tar ofte imot bestemte målgrupper, ein skil vanlegvis mellom 0-12 år og 12-18 år. Kor lenge ein ungdom skal vere på institusjonen vil også vere avhengig av typen tiltak og behov (Verpe & Engja, 2004, s.29). Eg har valt eit fokus på ungdom 12-18 år.

Det er ulike lover og regler for brukarmedverknad i barnevernssamanheng som også omhandlar foreldre i tillegg til ungdom. Eg har vald å ikkje nemne foreldres rettigheter inn mot brukarmedverknad, dette ettersom oppgåva omhandlar brukarmedverknad opp mot ungdom på institusjonen

Eg kjem til å presentere ein modell for gradering av brukarmedverknad. Dette kan gjerast gjennom ulike modellar som for eksempel Koch og Koch (1995) eller Christoffersen (1992), men i denne oppgåva har eg vald å nytte Arnstein (1969) sin modell.

1.5 Kunnskapsstatus

Det er gjennomført mange undersøkingar om barn og unges oppfatning og erfaring med brukarmedverknad i barnevernet. Paulsen (2016) skreiv artikkelen *Ungdommers erfaring med medvirkning i barnevernet*. Funna i artikkelen visar at det er ulik grad av opplevd brukarmedverknad. Det kjem fram at ungdom blir ofte informert, men får ikkje moglegheit til å påverke. Brukarmedverknad har blitt meir framstående etter kvart, og det er faktorar som møtepunkt, alder og relasjon som har vert relevante for brukarmedverknaden.

Guldbransen, Seim og Ulvik (2012) har skrive artikkelen *Barns rett til deltakelse i barnevernet: Samspill og meningsarbeid*. Artikkelen presenterer ulike former for meiningsarbeid, utgangspunktet er barn og unge mellom 4-15 år, der langvarig relasjon med saksbehandlar er ein faktor. Artikkelen ser også på samspel mellom barnet/ungdommen og saksbehandlar, med eit brukarmedverknadsperspektiv.

I NOU 2016:16, forslag til ny barnevernslovgivnad er brukarmedverknad tatt ut frå gjeldande paragrafer, og foreslått som eigen paragraf i lova. I forslaget er retten til brukarmedverknad styrka. Den blir formulert meir konkret inn mot barnevernsavgjerder (NOU 2016:16, 2016, s.248). BarnevernsProffene har vert med å jobbe fram den nye formuleringa, og visar til viktigheita av brukarmedverknad og samarbeid i avgjerder. (Bekkemellem, 2016, 12.10.)

2.0 Metode: Litteraturstudie

Definisjonen på metode blir ofte formulert som ein framgangsmåte, eit middel for å løyse problem og på den måten finne ny kunnskap. Eit middel som tener det formålet, høyrar med i det me kallar metodar. Sosiologen Vilhelm Aubert er den som har blitt sitert i samanhengar ved spørsmål om metode. (Dalland, 2015, s.111)

Når det kjem til metodeval betyr det val av framgangsmåte, og den må grunngjevast i lys av problemstillinga (Dalland, 2015, s.136). I oppgåva har eg vald å gjennomføre eit litteraturstudie for å belyse problemstillinga, dette på grunnlag av at det er mykje forskning kring tema brukarmedverknad. I litteraturstudie så er det litteratur eller forskinga ein studerer. Litteraturen tar utgangspunkt i undersøkingar som er gjennomførte og publiserte (Støren, 2010 s.17). Støren (2010, s.18) viser til Magnus og Bakketeig (2002). Som seier at litteraturstudiet i seg sjølv skapar ikkje ny kunnskap, men nye erkjenningar kan komme fram når ein samanliknar kunnskap frå fleire undersøkingar og artiklar. Innanfor tema brukarmedverknad finn ein artiklar og forskning som presenterer ungdom si erfaring, og

oppleving av brukarmedverknad i barnevernet, og vidare meir spesifikk inn mot brukarmedverknad på barneverninstitusjon

«Vi har sett at spørsmål eller problemer kan angripes med ulike metoder. Det betyr at det må foretas valg. Refleksjonene omkring valg av metode må komme klart frem» (Dalland, 2015, s.114). For min del ville det vert ønskelig å gjennomføre eit empirisk studie i form av kvalitative intervju. Dette for å sjølv få høyre ungdoms erfaringar med brukarmedverknad på institusjon. Dessverre så vil ikkje det la seg gjere, ettersom eg ikkje vil ha mogligheit til å komme i kontakt med ungdom under 18 år, klientar eller pårørande. Tidsfaktoren ville også gjort det vanskelig for meg. Eg føler at det ville vert for knapt med tid til å gjennomføre undersøkinga. Når oppgåva omhandlar brukarmedverknad i lys av ungdomars erfaringar, så ville det vert naturleg å komme i kontakt med barn og unge for å snakke om korleis dei har erfart å nytte brukarmedverknaden. Eit alternativ til å berre få ungdomens meiningar og erfaringar, vil vere å snakka med ein ungdom og ein miljøterapeut ved ein institusjon, dette for å kunne samanlikne oppfatningar med kvarandre, og sjå om det er samsvar eller ikkje.

2.1 Litteratursøk

For å finne litteratur til å belyse tema så gjekk eg i starten breitt ut, eg starta med å søke generelt «brukermedvirkning» i «Oria» databasen, dette gav mange treff, samstundes som ikkje alle resultatata var relevante for mi oppgåve. Eg valde derfor å nytte fleire søkeord for å avgrense søket, vidare søkte eg «brukermedvirkning/barnevern». Resultatet etter dette søket var meir relevant for tema. Her fant bøkene *Brukermedvirkning i barnevernet* av Sissel Seim og Tor Slettebø. Samt boka *Vil jeg bestemme?* Av Hilde Marie Thrana. Begge bøkene tar for seg tema brukarmedverknad og dannar eit godt teoretisk grunnlag, som eg vil nytte i teoridelen.

Gjennom søk på «brukermedvirkning, institusjon og barnevern» fann eg boka *Barnevernsfaglig miljøterapi* av Inge Kvaran og Jan Holm som eg vil nytte som supplement til teori om miljøterapi. Miljøterapidelen vil eg i hovudsak bygge på Erik Larsen sin bok *Miljøterapi med barn og unge organisasjonen som terapeut* som også har vert ein del av pensum gjennom studiet.

For å finne artiklar brukte eg «brukermedvirkning, institusjon, sosialt arbeid, barnevern» som søkeord i «Oria». Her fekk eg opp artikkelen *Å tilhøre, å bli, å delta: medvirkning i overgangen fra barnevernsinstitusjon til voksenliv* av Monika Alvestad Reime og Svanuag

Fjær. Etter å tidligare ha funne ei bok av Thrana, valde eg å gjennomførte eit spesifikk søk på «Hilde Marie Thrana». Gjennom dette søket fekk eg opp artiklane «*Kjærlighet: en kompetanse i profesjonelt barnevernsarbeid*» og «*Kjærlighetens inntreden i barnevernet – en utfordring for den profesjonelle relasjon?*»

Eg ville også finne ein internasjonal artikkel som omhandlar brukarmedverknad på institusjon. Mykje av resultatene som kjem opp når ein søker er artiklar som er skrivne på engelsk, men der undersøkinga har blitt gjennomført i Noreg. Ved å gå inn på Google Scholar og søkje «Residential care, participation og sosial work» samt ved å også avgrense dette til etter 2016 så fann eg artikkelen *Young people in residential care, their participation and the influencing factors* av Edel McCarthy. Undersøkinga i artikkelen er gjennomført i Irland.

2.2 Kjeldekritikk

Kjeldekritikken skal vise at ein er i stand til å stilla seg kritisk til kjeldematerialet ein bruker i oppgåva og kva slags kriterium ein har bruker i utveljinga (Dalland, 2015, s.72). I eit litteraturstudie ser ein over forskinga som andre har gjennomført. Ein faktor når det kjem til artiklane er at ein kan risikere at eldre artiklar og eventuelt bøker ikkje er like relevant i dag som når den vart publisert.

Når det kjem til litteraturen eg har vald å nytte i oppgåva, så har eg vald å avgrense søka ulikt. Litteraturen som eg skal nytte i teoridelen har eg vald å avgrense den til utgivingar etter 2000, etter det eg har funne gjennom mine søk så har ikkje litteraturen endra seg mykje kring tema brukarmedverknad sidan år 2000. Samstundes har eg vald å avgrense artiklane eg skal bruke til drøftinga til etter år 2010, dette fordi eg ville finne nyare undersøkingar, og meir tidsaktuelle. Eg ville også få med meg internasjonal forskning for å kanskje kunne sjå samanhangar og eventuelle ulikheiter på korleis brukarmedverknad vert vektlagt.

Det er etter kvart kommen fram mange nettstader med negativ vinkling inn mot arbeidet barnevernet utfører, dette har også vert ein faktor å ta omsyn til gjennom litteratursøket. Dette kan gjere det utfordrande når ein leiter etter artiklar som omfattar opplevd og erfart brukarmedverknad. Dette ettersom det er mange som kan slenge ut sine ytringar utan å vere pålitelige kjelder. Derfor vil det vere sentralt å sikre seg at ein har funne pålitelige kjelder ved søk på nett. Dalland (2015, s.120) seier at sjølv om data er relevant, må ein også forsikre seg at dei er relevante. Dette betyr at det ikkje må ligge unøyaktigheit i prosessen.

Brukarmedverknad er også noko ein kan sjå på som subjektivt. Det vil seie at individet har si eiga meining og oppfatning, og denne kan variere frå person til person og eventuelt frå institusjon til institusjon. Som igjen kan vere ein faktor etter som det vil kunne vere vanskelig å få konkrete svar. Til og med når det er snakk om same situasjon kan dei ulike partane i situasjonen ha ulike meiningar. «Det subjektive perspektivet handler om trekk (...) som bare kan beskrives fra de enkeltes parters ståsteder» (Grimen, 2013, s.63).

Ettersom eg har vald å nytte ein internasjonal artikkel må det nemnast at lovgivinga kan vere ulik mellom Noreg og Irland. McCarthy (2016, s.369) viser til *The Children (Northern Ireland) Order (1995) Article 26* som omhandlar brukarmedverknad. Av den går det fram at før avgjerder vert tatt så skal barnevernet så langt som mogleg, ta omsyn til ønska til ungdommen, foreldre, omsorgsutøvar eller andre relevante personar.

3.0 Teori

For å belyse det som er tema i oppgåva vil eg vidare forklare det juridiske rammeverket for brukarmedverknad, Korleis ein på teoretisk grunnlag kan forstå omgrepet brukarmedverknad. Presentere Arnstein (1969) sin modell for gradering av brukarmedverknad. Eg kjem også til å ta for meg miljøterapi, miljøterapeuten og eigenskapar som miljøterapeuten har.

3.1 Det juridiske grunnlaget for brukarmedverknad

Brukarmedverknad er eit sentralt omgrep som ein finn innanfor alle tenester der ein jobbar med barn, unge og familiar. *Brukar* omgrepet er lite brukt i barnevernlovgivinga. Samstundes så er det regler og lovparagrafer som gjer mogligheit for innflytelse på avgjerda som skal takast. (Oppedal, 2007, s.47). Brukarmedverknad er samstundes ein lovfesta rett som alle barn har jf. FNs barnekonvensjon artikkel 12. For ungdom som er innunder barnevernet gjennom hjelpetiltak i heim eller plasseringar utanfor heim, kjem det også fram av barnevernloven §4-1 andre ledd og § 6-3 fyrste ledd. Ein finn også andre lover som fortel om ungdoms rett til brukarmedverknad, som for eksempel barnelova § 31., pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 3., og NAV-lova §6. Lovene og konvensjonen nedanfor er vald ut med tanke på relevans for oppgåva.

3.1.1 FNs barnekonvensjon artikkel 12.

Noreg har som mange andre land ratifisert FNs barnekonvensjon av 20. november 1989, og gjort den gjeldane som del av norsk rett. Dette skjedde ved ei endring i menneskerettsloven den 1. august 2003 (Lindboe, 2012, s.28). Av artikkel 12 i barnekonvensjonen går det fram at:

Partene skal garantere barn som er i stand til å danne seg egne synspunkter, retten til å gi uttrykk for disse synspunkter i alle forhold som vedrører barnet, og i tillegg barnets synspunkter behørig vekt i samsvar med dets alder og modenhet. (Barnekonvensjonen, 1989)

For dette formål skal barnet særlig gis anledning til å bli hørt i enhver rettslig og administrativ saksbehandling som angår barnet, enten direkte eller gjennom representant eller et eget organ, på en måte som er i samsvar med saksbehandlingsreglene i nasjonal rett. (Barnekonvensjonen, 1989)

3.1.2 Lov om barneverntjenester (Barnevernloven)

Etter Lov om barneverntjenester av 17.07.1992 nr.100, heretter barnevernloven, går brukarmedverknad fram etter § 4-1 andre ledd. I dette leddet står det:

Barnet skal gis mulighet til medvirkning og det skal tilrettelegges for samtaler med barnet. Barn som barnevernet har overtatt omsorgen for kan gis anledning til å ha med seg en person barnet har særlig tillit til. Departementet kan gi nærmere forskrifter om medvirkning og om tillitspersonens oppgaver og funksjon. (Barnevernlova, 1992).

I tillegg kan ein sjå på § 6-3 fyrste ledd, der det står:

Et barn som er fylt 7år, og yngre barn som er i stand til å danne seg egne synspunkter, skal informeres og gis anledning til å uttale seg før det tar avgjørelse i sak som berører ham eller henne. Barnets mening skal tillegges vekt i samsvar med barnets alder. (Barnevernlova, 1992).

3.2 Brukarmedverknad

«Begrepet medvirkning er knyttet til ulike ord og betegnelser som deltakelse, innflytelse og medbestemmelse» (Thrana, 2008, s.19). Politisk og i faglitteratur er det som oftast omgrepet brukarmedverknad som vert drøfta og definert. Thrana viser til argumenter «det er brukeren selv som best vet hvor skoen trykker», vidare seier ho at i utsegnen ligg det ein implisitt rett til å vere med å bestemme og ha innflytelse på sitt eige liv, samtidig som det viser til at ungdommen er sjølv ekspert på sitt eige liv. (Thrana, 2008, s.19)

Ordet brukarmedverknad er i dag eit samleomgrep, som kjem til uttrykk gjennom ulike former i praksis. For å differensiere dei bruker ein omgrepa *brukarperspektiv*, *brukarstyring* og *partnarskap*. *Brukarperspektiv* er når ein snakkar om at ungdommen berre blir informert, får sei sine meininger eller dersom miljøterapeuten handlar ut frå det dei meiner er ungdommens

beste. *Brukarstyring* visar til at ungdommen har innflytelse og makt til å ta avgjerder, når det kjem til arbeidsprosesser og resultat. *Partnarskap* er når ein snakkar om samarbeid. I dette legg ein at miljøterapeuten og ungdommen saman kan komme fram til kva som er den beste avgjerda i situasjonen (Seim & Slettebø, 2007, s.21). Seim og Slettebø (2007) viser til Tone Alm Andersen (1994) som beskreib ulike former for brukarmedverknad som talerett, forhandlingar og avgjerdsmyndigheit eller brukarstyring. Der ein inn under talerett får moglegheit til å fremme erfaringar og synspunkt. Moglegheit til avgjerder som moglegheita til å gå i dialog med andre parter. Til slutt brukarstyring eller avgjerdsmyndigheit, som nemnt tidligare der ungdommen vil ha full kontroll på avgjerdene (Seim & Slettebø, 2007, s.30). «Vi mener brukarmedverknad bør reserveres til former for samarbeid som innebærer både deltakelse og innflytelse for brukeren» (Seim & Slettebø, 2007, s.28). Det er denne moglegheita for deltaking og innflytelse som skil ulike forståingar for brukarmedverknad.

3.2.1 Modell for gradering av brukarmedverknad

Seim og Slettebø (2007, s.31) presenterer i *Brukermedverknad i barnevernet* ein modell for ulike grader av brukarmedverknad. Modellen *A Ladder of Citizen Participation* vart utvikla av Sherry Arnstein (1969) for å drøfta deltaking og innflytelse i lokalsamfunn, men Seim og Slettebø (2007) har også brukt den i samanheng med å drøfte brukarmedverknad. Modellen er opphavleg presentert som ein stege, men nedanfor vil den verte presentert i tabellform.

A Ladder of Citizen Participation (Arnstein, 1969, s.217; Seim & Slettebø, 2007, s.31)		
8	<i>Citizen controll</i> / Brukarstyring	<i>Degrees of citizen powers</i> / Grader av borgarmakt
7	<i>Delegated power</i> / Delegert makt	
6	<i>Partnership</i> / Partnarskap	
5	<i>Placation</i> / Rådgiving	<i>Degrees of tokenism</i> / Grader av skinninnflytelse
4	<i>Consultation</i> / Konsultasjon	
3	<i>Informing</i> / Informasjon	
2	<i>Therapy</i> / Terapi	<i>Non-participation</i> / Ikkje-deltaking
1	<i>Manipulation</i> / Manipulasjon	

Dei to nedre trinna i tabellen kan ein sjå på som ikkje-deltaking. I dette så legg ein at menneske med makt har tvinga fram ikkje-deltaking, som ein erstatning får genuin

brukarmedverknad. Arnstein beskriv det som at makt haldarane har som eit overordna mål å «utdanne» eller «kurere» deltakarane, framfor å innvilga individa til å få bruke brukarmedverknad og delta. Dei tre neste trinna, kalla *degrees of tokenism*, oversatt til norsk som *grader av skinninnflytelse* av Seim og Slettebø. «Skinninnflytelse, som kan bety at brukere bare blir gisler i en avgjørelsesprosess» (Seim & Slettebø, 2007, s.31). Inn under *grad av skinninnflytelse* kan ungdommen oppleve å få ytre sine meiningar og oppleve å bli høyrd, men på den andre sida så kan dei ikkje garantere at det vert tatt omsyn til meiningane. Trinn nummer fem *rådgiving* går som ein høgare grad av skinninnflytelse, fordi ungdommen får lov å gje råd og ytre meiningar, som hovudregel. Samstundes som det fortsatt er dei med makt som tek avgjerdene (Arnstein, 1969, s.217). Seim og Slettebø (2007) kommenterer også at rådgiving er ei mindre god omsetting, ettersom *placate* på norsk heller vil tyde å mildne, blidgjere eller stoppe munnen på (Seim & Slettebø, 2007, s.31). Dei tre øvste trinna er nivå der ein snakkar om brukarmedverknad. Ungdommen kan inngå partnerskap, der ein ønsker og oppnå eit godt samarbeid mellom institusjonen eller miljøarbeidaren og ungdommen, det er også meir rom for forhandling og å engasjere seg i det ein kan kalle bytter eller kompromiss. Dei to øvste trinna delegert makt og brukarstyring, viser igjen til at ungdommen har fått makt til å ta avgjerda i dei fleste eller i alle samanhengar (Arnstein, 1969, s.217).

Brukarmedverknad på dei tre øvste trinna, spesielt i form av partnerskap vil bety at ungdommen har rett til å legge fram sin sak, og at det skal takast omsyn til ytringane som kjem fram. Men ungdommen skal også ha innflytelse og mogelegheit til å forhandle for å komme fram til dei beste løysingane, og samtidig delta i avgjerda (Seim & Slettebø, 2007, s.32).

Eit aspekt med å bruke denne modellen for å diskutere brukarmedverknad, er at modellen blir kritisert for å ikkje ta høgde for ungdoms avgrensa autonomi. Vidare blir det påpeika at den kan føre til ansvarsfråskrivning når det kjem til barnevernet og plikta for å anvende tvang når det er nødvendig for å ivareta ungdoms interesser. Det kan også sjåast på som ansvarsfråskrivning dersom foreldre blir *bruker* i situasjonen og det berre er foreldra som blir kommunisert med og får informasjon. Så lenge ungdom har status som *brukar*, så vil dei også trekkast inn i prosessar som omhandlar brukarmedverknad (Seim og Slettebø, 2007, s.32). «Vi mener denne stigemetaforen er godt egnet som grunnlag for å diskutere både individuell og kollektiv brukarmedverknad i barnevernet, fordi den nettopp setter fokus på både betydningen av deltakelse og innflytelse» (Seim & Slettebø, 2007, s.32).

3.3 Miljøterapi

Omgrepet miljøterapi er todelt, og består av ein miljødelen og ein terapidel. Miljødelen handlar om å organisere eller legge til rette, medan terapidelen skal fremme forandring og utvikling. Dette gjer det mogeleg å forstå miljøterapi som eit arbeid med å legge til rette for mogeleg forandring og utvikling (Larsen, 2012, s.22). Innunder dette kan ein vise til miljøterapiens primære oppgåve. Oppgåva «er å skape muligheter for at barn og unge i sin situasjon kan arbeide med sin forandring og utvikling» (Larsen, 2012, s.22). Slik som ein jobbar med og forstår miljøterapi i dag, så har den hovudforankring i ideen om individualitet og sjølvstende. Ettersom miljøterapi også er ein form for kultur og verdiformidling, kan ein sjå på individualitet og sjølvstende som meir vestlige verdier. (Larsen, 2012, s.27).

Larsen (2012, s.52) skriv om institusjonen som organisasjon. Dette skal dannar rammer om og skape mogelegheiter for det miljøterapeutiske arbeidet, dette vert gjort for å sikre at dårlegare integrerte, samt eg-svak ungdom skal få reell sjanse til å jobbe nødvendige forandrings- og utviklingsprosesser. Verksemda må organiserast på ein måte som gjer ungdom ein realistisk måte å jobbe med det som er vanskeleg og vondt for ungdommen, samstundes som der er rom for å utvikle ressursar og ferdigheiter. Organisasjonen skal i tillegg kunne gje ungdommen tilbakevendande strukturar, dette i form av rutinar som faste samlingar som for eksempel frukost, middag, møter eller aktivitetar. (Larsen, 2012, s.53)

For å jobbe miljøterapeutisk så må det leggas til rette for utviklingsrom innanfor tydelige grenser. Det er viktig at ungdommen får realistiske positive tilbakemeldingar, aldersadekvate utfordringar og støtte. Det er også sentralt at miljøterapeuten ikkje overtek og utfører oppgåva. Dette fordi ein ikkje kan påskynde utvikling, men heller stimulere (Larsen, 2012, s.26). Ovanfor er det som gjev legitimitet til den miljøterapeutiske institusjonen og primæroppgåva. Ved at familien og nettverket til ungdommen ikkje er i stand til å løyse den, så vil institusjonen bli ein kompensasjon for ungdommen (Larsen, 2012, s.26). «Miljøterapien kan utføres på kontoret, i bilen, foran tv-en, ved middagsbordet eller på fotballbanen» (Kvaran & Holm, 2012, s.241)

Ungdom som flyttar til ein institusjon, finn seg i ein sårbar situasjon. Flytting er ein stresspåverknad, og avhengig av tal på flyttingar så kan enkelte ungdommar vere meir sårbare enn andre (Verpe & Engja, 2004, s.29). Ungdommen kan ha vert understimulert i barndommen, og som følgje av dette kan ha vanskar med meistring, utvikling og sosial kompetanse (Kvaran & Holm, 2010, s.32). Institusjonen fungerer som heimen til

ungdommen, for den perioden i livet. Samstundes som det for miljøarbeidaren er ein arbeidsplass (Kvaran & Holm, 2012, s.234). Å bu på institusjon kan ha samanheng med at ungdommen ikkje har tillit til vaksne, eller at ungdommen har manglande kunnskap og meistring på ulike livsområder. Det at ungdommen ofte ikkje har fått delta i viktige avgjerder som omhandlar ungdommen sjølv, kan også vere ein faktor for institusjonsplassering (Kvaran & Holm, 2012, s.235).

3.4 Miljøterapeutrolla

«I miljøterapeutrollen integreres faglige kunnskaper og erfaringer med personlige. Rollen har i seg et profesjonelt og personlig aspekt, men som del av den miljøterapeutiske grunnstrukturen avgrensar rollen seg tydelig i forhold til det private» (Larsen, 2012, s.119). Som miljøterapeut får ein ulike rollar som ein tar på seg, for ungdommen kan miljøterapeuten vere omsorgsgivar, oppdragar, gje opplæring og formidle kunnskap. Ein kan også vere den som tilbyr fritidsaktivitetar, og synleggjer og i tillegg fremmar ungdommens resursar (Verpe & Engja, 2004, s.30-31). Tjersland et.al (2013, s.252) visar til Skau (2002) som seier at fundamentet til miljøterapeuten kan sjåast på som ein trekant, der ei side står for teoretiske kunnskapar, ei side for yrkesspesifikke ferdigheiter og ei side for personleg kompetanse. Alle menneske har kunnskapar, interesser og ferdigheiter som ein kan nytte i samspel med andre, dette har alle med seg som si *personlege verktøykasse*. Som miljøterapeut er det viktig å vere bevist på kva ein har i *verktøykassa*, og kva ein eventuelt manglar. Dette for å kunne hente fram dei ferdigheitene og kunnskapane som ein treng i rett situasjon Tjersland et.al (2013, s.252)

3.4.1 Relasjon og makt

Relasjon kan definerast som mellom anna samhøyr eller forhold (Aubert, 2009). «Bergrepet relasjon kan gi assosiasjoner til et likeverdig forhold og forhold en ønsker å være i» (Thrana, 2008, s.20). Innanfor sosialt endringsarbeid er det ein hovudregel som omhandlar, at ein miljøterapeut ikkje kan utføre sitt arbeid utan å ha bygd opp ein god og betydingsfull relasjon til ungdommen (Tjersland, Engen & Jansen, 2013, s.124). Kvaran og Holm (2012, s.239) viser til Røkenes og Hansen (2010) som hevder at det er fire forhold som må ligge til grunne for å skape ein god relasjon. Dei fire forholda er veremåte, personlegdom, empati og anerkjenning.

Relasjonen kan ha eit variert innhald. Der forholdet mellom institusjonen eller miljøterapeuten og ungdommen kan vere eit makt-avmakt-relasjon, som også baserer seg på

avhengigheit til institusjonen. Eller eit forhold basert på samarbeid der partane står meir likestilt (Thrana, 2008, s.20). Ein sentral del av å skape relasjon er tillit. Grimen (2013, s.93) viser til den Niklas Luhmann, som er på tillit som «tiltro til egne forventinger», dette kan gje ein indre sikkerheit og auke toleranse for det ytre usikkerheit. Utan denne toleransen så vil det vere vanskelig å handle, i staden for å velje mellom moglegheiter, vil ein kunne verte overvelda av dei. «Det er enklere å gå fra tillit til mistillit enn omvendt. Mistillit er enkelt å skape, men vanskelig å bli kvitt. Tillit er enkelt å rive ned, men vanskelig å bygge opp» (Grimen, 2013, s.91). I tradisjonelt syn så vil mistillit vere motsetnaden til tillit. Mistillit kan vere ein faktor som øydelegger samhandlingar, fører til handlingslamming og isolasjon (Grimen, 2013, s.92). Mistillit kan føre individet ned i ein vond spiral, ved at individ samhandlar med færre personar, ikkje har tillit til andre. Eller at individet alltid tolkar eller forventar det verste frå andre (Grimen, 2013, s.94).

Makt kjem fram gjennom styring, det ser ein gjennom å gje ansvaret for ungdommen til miljøterapeuten på barneverninstitusjonen. Miljøterapeuten får objektivt sett makta til å bestemme. Dette kan omhandle handlingar og informasjon (Grimen, 2013, s.28).

«Maktforholdet mellom sosialarbeideren og klienten kan arte seg på forskjellige måter, blant annet ut fra hva slags kontekst de er i» (Tjelsland et.al, 2013, s.134). Grimen (2013, s.53) viser at makt og tillit heng saman. Relasjonar skapa av tillit, opnar for makt. Dette gjennom at «hvis en person stoler på en annen, åpner han samtidig et handlingsrom som han forventer at den andre bruker i tråd med hans interesser» (Grimen, 2013, s.53). Asymmetri i relasjonen, som ofte er tilstades i samhandling med profesjonelle. «De er portvakter, som kan åpne eller lukke dører til det vi trenger, og lage betingelser for at vi skal få gå gjennom dem» (Grimen, 2013, s.53). «Det vil alltid være en skjev maktfordeling mellom klient og sosialarbeider, blant annet i den forstand at den ene kommer for å få hjelp til noe, men den andre får sin lønn for nettopp å forsøke å møte dette behovet for hjelp» (Tjersland et.al, 2013, s.135)

4.0 presentasjon av forskingsdata

Vidare skal eg presentere tre artiklar McCarthy (2016), Reime og Fjær (2010) og Thrana (2013). Ut frå artiklane kjem eg til å trekke fram metoden nytta i forskinga, utvalet og vidare presentere funna i undersøkinga. Artiklane vil bli presentert kvar for seg.

4.1 Artikkel 1

Edel McCarthy (2016) presenterer artikkelen *Young people in residential care, their participation and the influencing factors*. Forskinga til McCarthy tar utgangspunkt i intervju med ungdom og miljøterapeutar ved ulike barneverninstitusjonar i Irland. Grunnlaget for intervjuet var at McCarthy ville finne ut i kor stor grad ungdommen på institusjon får delta, korleis dei opplever brukarmedverknad innanfor ulike arenaer og kva faktorar som gjer det lettare eller vanskeligare for ungdommane å utøve brukarmedverknaden sin. (McCarthy, 2016, s.372-373)

McCarthy (2016, s.374) visar at når det kom til kvardagssaker så var det stor einigheit mellom miljøterapeutene og ungdommen. «Young people had a satisfactory level in the practical issues in residential centrest hat may impact their dayli lives. They briefly mentioned subjects such food and menu choise, clothing, activities and bedtimes» (McCarthy, 2016, s.374). Utanfor institusjonen, var kvardagen prega av mindre brukarmedverknad. Dette omhandla spesielt å møte venner, då måtte det avtales med personellet på institusjonen. Fastsette tider for å vere tilbake på institusjonen og at tidene var for tidlig, var enda ein faktor. Kontakt med institusjonen for å avklare besøk utanfor institusjonen kunne også vere tidvis problemfylt (McCarthy, 2016, s.374-375). Større avgjerder i livet var meir prega av avgrensa brukarmedverknad, dette omhandla faktorar som å treffe familien sin, at dei i fyrste omgang hadde blitt flytta til institusjon, utdanning og framtidige planar (McCarthy, 2016, s.375). Framtidsplanar og plan etter institusjonsopphaldet var delt, ved at om lag halvparten av ungdommen som vart intervjuet var fornøgd, medan enkelte ikkje hadde deltatt eller blitt informert i stor grad (McCarthy, 2016, s.376).

Faktorar som påverka brukarmedverknaden omhandla mangel på tillit eller sjølvtilit, handlekraft og livsferdigheiter (McCarthy, 2016, s.377). Stille og inneslutta ungdom kunne bli tolka som likegyldige i avgjersler om livet, medan meir vokal ungdom kunne bli oppfatta som vanskelige. Miljøterapeutar fortalte også at direkte og høglydt ungdom kunne bli sett i eit negativt lys, og i tilfelle bli utelatt frå delar av formelle møter (McCarthy, 2016, s.377). Det var lettare for ungdommen å fremme synspunkta sine i uformelle samanhengar, men synst ikkje det er like enkelt når ungdommen blir spurdt direkte. Dei formelle samhengane som for eksempel møter, var vanskeligare å utnytte i form av brukarmedverknad. Dette på grunnlag av at ungdommen synst det var vanskelig å omstille seg til møtet (McCarthy, 2016, s.377-378).

4.2 Artikkel 2

Reime og Fjær (2010, s.27) bygger artikkelen sin på undersøkinga «Den sårbare overgangen» (Reime, 2008). I undersøkinga vart det gjennomført 13 dybdeintervju med ungdommar som tidligare har vort på barneverninstitusjon. I artikkelen ser Reime og Fjær på brukarmedverknad i overgang frå institusjon til vaksenliv, og spesifikt inn mot utflyttingsprosessen.

I artikkelen vort det presentert at ungdom under omsorgstiltak, og eller frivillig plassering beskriver at dei opplever at dei i stor grad har fått deltatt og opplevd innverknad i prosessar på institusjonen (Reime & Fjær, 2010, s.31). Ungdom som var blitt plassert etter meir inngrepande tiltak (rus og eller åtferd), beskriver også at det har vort nytte av opphaldet, men desse ungdommane hadde i tillegg fokus på å verte uavhengig av hjelpeapparatet. Vidare kjem det fram at ungdommen var opptatt av å få delta i avgjerdsprosessar og at dette gjekk fram av samarbeid og dialog med institusjonen (Reime & Fjær, 2010, s.32).

«Flere av de behandlingsbrudd som fremkommer i dette datamaterialet kan tolkes som en strategi frå ungdommens side, for å gjennvinne autonomi i en situasjon preget av motvilje og manglende motivasjon for behandling. På same tid er ungdommene usikre på om økt involvering under institusjonsoppholdet kunne bidrat til å forebygge behandlingsavbrudd» (Reime & Fjær, 2010, s.33)

Ungdommane som er intervjuet i undersøkinga ytrar at institusjonane bør lytte meir til ungdommane sine ønsker og behov, dette for å fremme dialog og samarbeid framfor opposisjon. Ungdommane beskriv seg som umodne, lite ansvarlige, og tvilar på om dei var i stand eller eigentleg ønska å involvere seg i prosessar som omhandla brukarmedverknad, når dei var på institusjonen (Reime & Fjær, 2010, s.33).

4.3 Artikkel 3

Tharana (2013) viser i sin studie *Kjærlighet: en kjærnekompetanse i profesjonelt barnevernsarbeid?* til kva rolle kjærleik spelar i den profesjonelle kompetansen.

Undersøkinga vart gjennomført gjennom fokusgruppeintervju med ungdom og tilsette ved tiltaket *New Page*. Artikkelen nyttar kjærleik som eit samlande omgrep. Og visar til kjærleik som det personlege og den medmenneskelege dimensjonen ved miljøterapeuten. Men også ein måte å skape relasjonar og vise anerkjenning. Tharana (2010, s.6 & 8) visar til kjærleik

gjennom sosialt arbeid for å skape tryggleik og sjølvtilitt, med det mål å gjere ungdommen sjølvstendig.

«Et helt sentralt funn var sammenhengen mellom kjærlyghet som en grunnholdning og den utøvende praksisen» (Thrana, 2013, s.10). Kjærleik viste seg som del av den profesjonelle kompetansen gjennom det å vere ekte, medmenneskeleg, å vise kjensler og vere uthalden (Thrana, 2013, s.10). Å vere truverdig opp mot ungdommen vart sett på som eit utgangspunkt for å bygge relasjonar. Dersom miljøterapeuten møtte ungdommen og ikkje var truverdig i veremåten, eller om miljøterapeuten ikkje hadde bygd opp relasjon til ungdommen, så ville ungdommen gjennomskode det med ein gong, dette påpekte både miljøterapeutar og ungdom under intervju (Thrana, 2013, s.10).

«Det var samtidig flere av de ansatte som understreket at det var viktig med balanse i dette med å vise følelser. Dette begrunnet de i at det ikke er deres enge følelser som skal være i fokus, men ungdommens situasjon og behov» (Thrana, 2013, s.12).

Kjærleik kjem også til syne gjennom å vere uthalden. Slik ungdommen i undersøkinga såg på det så innebar det å vere uthalden at ein haldt ut med ungdommen uavhengig av oppførsel, og om ungdommen hadde mislykkast. Uthaldenheit handlar også om å vise styrke til å stå i situasjonar der ein møter motstand og avvising. Dette gjev ungdommen eit budskap av anerkjenning og at ungdommen har verdi (Thrana, 2013, s.12).

5.0 Drøfting

«Korleis kan ein miljøterapeut på ein barneverninstitusjon legge til rette for brukarmedverknad på bakgrunn av barn og unge si erfaring med opplevd brukarmedverknad?»

Ut frå problemstillinga vil eg i drøftinga fyrst nytte Arnstein (1969) sin modell for å plassere generell brukarmedverknad i 5.1. Vidare plassere meir konkrete eksempel ut frå modellen i 5.2. Etter dette vil eg drøfte korleis jobbe for å fremme brukarmedverknad. Før eg sluttvis drøftar miljøterapi som hemmande faktor for brukarmedverknad i 5.4.

5.1 Kva seier ungdommen om brukarmedverknad?

Prinsipielt handlar brukarmedverknad om medråderett, innflytelse og deltaking (Thrana, 2008, s.18). Ser ein på lovverket så er brukarmedverknad ein lovfesta rett som ungdom har. Her skal ungdommen få mogelegheit til å medverke, og det skal leggest til rette for

brukarmedverknaden (Barnevernloven, 1992). FNs barnekonvensjon artikkel 12 seier i tillegg at ungdom har rett til å gje uttrykk for sine synspunkt (Barnekonvensjonen, 1989). Ut frå dette kan ein tolke at brukarmedverknad er ein faktor som ikkje kan leggest vekk eller ignoreras. I Arnstein (1969) sin modell vert brukarmedverknad avgrensa til dei tre øvste trinna. Trinna *partnarskap* og *delegert makt* vil omhandle meir brukarmedverknad, dette på grunn av at *brukarstyring* er posisjon der ungdommen har total makt (Arnstein, 1969, s.217), ungdommen vil då styre og ikkje medverke

McCarthy (2016) og Reime og Fjær (2010) sine artiklar visar at ungdom har nokså likt syn på brukarmedverknad. I McCarthy si undersøking var ungdommen fornøgd eller opplevde ei tilfredsstillande grad av brukarmedverknad på sjølve institusjonen og i daglegdage avgjerder (McCarthy, 2016, s.374). McCarthy viser også i sine funn at ungdommen på institusjonane elles hadde vanskelig med å påverke situasjonar utanfor institusjonen, innunder dette besøk hjå venner og familie, og kva tid dei må vere tilbake på institusjonen. Også i større avgjerder opplever ungdommen i McCarthy sitt studie at dei har redusert brukarmedverknad (McCarthy, 2016, s.374-376). I Reime og Fjær fortel ungdommen som har vert under omsorgsparagrafer at dei i større grad hadde fått brukt brukarmedverknad. Ungdommen som var plassert utan samtykke eller andre paragrafar hadde også utbytte av opphaldet, men her kunne ungdommen motsette seg institusjonen for å få meir kontroll eller sjølvstyre over eige liv og situasjon (Reime & Fjær, 2010, s.31-32). Ut frå ytringane i Reime og Fjær (2010) og McCarthy (2016) kan ein ved å sjå på Arnstein (1969) sin modell tenke seg til at brukarmedverknad på generelt basis ligg i dei tre øvste nivåa på modellen som ein kallar for brukarmedverknad (Arnstein, 1969, s.217). Det er rom for meir brukarmedverknad spesielt på arenaer utanfor institusjonen dersom ein skal tru ungdommen sine ytringar, men samstundes visast det til at generelt er ungdommen fornøgd med graden av brukarmedverknad.

5.2 Brukarmedverknad i lys av Arnstein (1969) sin modell

Grad av brukarmedverknad er ikkje ein konstant, men ein flytande faktor og varierer frå situasjon til situasjon, eller miljøterapeut til miljøterapeut. Thrana (2008, s.23) seier at det kan oppstå tilfelle og situasjonar der brukarmedverknad frå ungdommen si side ikkje vil vere realistisk. Ved å gå gjennom to ungdommar si ytring i datamateriellet, kan ein setje konkrete opplevingar opp mot modellen til Arnstein (1969). I Reime og Fjær (2010) Møter ein informantane Lise og Tone som har opplevd ulik grad av brukarmedverknad gjennom sitt møte med institusjonar. Lise var frivillig plassert på institusjonen. I utflytting prosessen som

er ein stor avgjerd i livet, fekk Lise flytte i treningsbolig etter eige ønske. Lise var inkludert i prosessen og fekk vere med å påverke kva som skulle skje i samarbeid med institusjonen og nettverket hennar. «Jeg fikk trent på det jeg selv ville. Jeg fikk et eget budsjett av institusjonen, som jeg skulle styre selv (...) Jeg måtte ta vare på kvitteringene, som jeg brukte og de leverte jeg.» (Reime & Fjær, 2010, s.31). Ser ein Lise sin oppleving opp mot Arnstein (1969) sin modell, så kan ein sei at Lise ligg i blant dei tre øvste trinna, som er nivået det ein snakkar om brukarmedverknad. Lise kan ligge meir inn mot *delegert makt* som er trinn 7 (Arnstein, 1969, s.217). Lise har i eksempelet komme med ønske om treningsbolig. Gjennom dialog og samarbeid så har ho saman med institusjonen kommen fram til at dette er mogeleg å gjennomføre. Etter Lise kjem til treningsboligen vil ho ha fått meir makt, men samstundes ikkje full makt. Ettersom det fortsatt er mulig for institusjonen å hente ho tilbake dersom opplegget ikkje skulle fungere. Med denne *delegerte makta* så kan Lise styre sin eigen dag, og ta dei fleste avgjerder. Sjølv om institusjonen framleis har den overordna kontroll.

Tone var ein annan informant som kan nyttast som eksempel. Tone var plassert etter åtferd og rus, i tillegg til tvangsplassering. Tone og institusjonen hadde eit dårlig samarbeid. Ho valde også å stille seg i kamp posisjon for å få meir kontroll og innflytelse på kvardagen. Tone fortel at ho var sleip og i stor grad køyrde sitt eige løp. Ho ville bestemme meir sjølv om var lei av at andre skulle ta avgjerder for henne. På eit tidspunkt hadde Tone ønska utflytting, som var uaktuelt for institusjonen. Når utflytting vart aktuelt, var ikkje Tone involvert i prosessen (Reime & Fjær, 2010, s.32). Ser ein ytringane til Tone opp mot Arnsteins (1969) modell så kan Tone ligge opp mot *informasjon* og eventuelt *konsultasjon*. Dette kan ein grunngje med at Tone har fått komme og presentert sine synspunkt, men at dei ikkje er tatt omsyn til, og at det fortsatt i tilfellet er institusjonen som har tatt avgjerdene (Arnstein, 1969, s.217). Reime og Fjær (2010, s.34) viser også til at ungdom som er plassert under tvang, eller som har fått tvangsplassering opp mot myndighetsalder i større grad motsett seg institusjonen og gjer det dei kan for å oppnå mest mogeleg sjølvstyring over eigen situasjon.

5.3 Korleis jobbe for å fremme brukarmedverknad?

Ungdommane i McCarthy (2016) seier at brukarmedverknad er enklare å fremme i uformelle situasjonar, dette uavhengig av om det er ungdommen eller miljøterapeuten som tek det fyrste steget for dialog eller samarbeidet. Ein viktig faktor inn mot dette var at ungdommen og miljøterapeuten måtte ha ein relasjon (McCarthy, 2016, s.379). Ungdommen var komfortabel med brukarmedverknaden gjennom slike uformelle situasjonar (McCarthy, 2016, s.377),

kontra formelle situasjonar som planlagde møter (McCarthy, 2016, s.378), der ungdommen kan oppleve at det blir meir stressa og gjennom dette vil ungdommen kunne vere mindre villig til å ta opp eventuelle problem som kunne blitt bedra gjennom påverknad frå ungdommens side. Dei uformelle situasjonane kan oppstå når som helst og må ikkje nødvendigvis ikkje avhenge av at miljøarbeidaren tar initiativ til dialogen, det kan tenkast at det er nok å sitte i same rom og berre vere tilgjengelig for dialog.

Thrana (2013, s.10) visar at det å vere ekte, medmenneskeleg, uthalden og vise kjensler er viktige delar av relasjonsbygging. Er ein ikkje ekte og truverdig i møtet med ungdommen, blir miljøterapeuten enkelt gjennomskoda. Å vere ekte kjem til syne gjennom blikk, kroppsspråk, ord eller å for eksempel gje ein klem. Dette gjeld også når ein gjer ungdommen anerkjening. «I dette ligger det kunnskap om ungdommens behov for anerkjennelse og at ungdommen har en verdi i seg selv uavhengig av ytre atferd» (Thrana, 2013, s.11). dette dreier seg ikkje berre om positive kjensler, men også kjensler som det å vere trist, sint, lei seg eller fortvilt kan vere ein måte å vise kjærleik (Thrana, 2013, s.12). Ved å sjå på ungdommen som seier at det er enklare å komme med innspel til påverknad når det er ein trygg relasjon til miljøterapeuten (McCarthy, 2016, s.377). Kan det tenkast at dersom miljøterapeuten ikkje ekte i veremåten sin, så vil ein kunne skape ein form for mistillit. Som kan resultere i at ungdommen ikkje kjem til denne miljøterapeuten for å komme med innspel og prøve å påverke situasjonen. I verste fall så kan ungdommen bli inneslutta og ikkje komme med nokon form for brukarmedverknad på institusjonen, ved å trekke seg tilbake, og i tillegg samhandle med færre og færre (Grimen, 2013, s.94). Kjem ein også fyrst i ein situasjon der ein som miljøterapeut har skapa mistillit ved å ikkje vere ekte, så vil ein måtte jobbe mykje for å kunne snu mistilliten mot tillit (Grimen, 2013, s.91), for å vidare kunne skape rom for samarbeid, god relasjon og vidare brukarmedverknad. Plukkar ein ut omgrepa relasjon, samarbeid og motivasjon. Så vil dette vere faktorar som kan hjelpe ein som miljøterapeut å legge til rette for brukarmedverknad i møte med ungdom på institusjon. Relasjonen er eit viktig verktøy for å skape tilknytning og kontakt med ungdommen, ein faktor som i tillegg bygger på tillit og makt (Grimen, 2013, s.91). Har ein skapt ein tillitsfull relasjon til ungdommen, kan det vidare gjere det enklare å skape *partnarskap* og *samarbeid*, som igjen er viktig for å fremme brukarmedverknad (Seim & Slettebø, 2007, s.21).

Ungdommen fortell at institusjonane bør lytte meir til ungdommen, og oppfordre til samarbeid og dialog, for å unngå opposisjon (Reime & Fjær, 2010, s.33). Det kjem også fram

at ungdommen er usikre på om dei var modne nok til å kunne ta avgjerder enkelte situasjonar. Og påpeikar då ein usikkerheit opp mot kor mykje dei egentlig ønska eller var i stand av å involvere seg i og påverke institusjonsoppbaldet sitt (Reime & Fjær, 2010, s.33). Dersom ein tek for seg Lise igjen så var ho i ein situasjon der motivasjon, og ønsket om å nytte seg av hjelpa til institusjonen. Tone på den andre sida var i ein posisjon det ho hadde sterk motstand mot plasseringa og heller ville avgjere alt sjølv, i tillegg var det mangel på motivasjon (Reime & Fjær, 2010 s.31-32). Gjennom dette kan ein påstå at ungdommen sin motivasjon og innstilling også er viktig inn mot brukarmedverknad. Miljøterapeuten kan legge til rette for brukarmedverknad, men samstundes så må ungdommen i tillegg ville nytte seg av tilbodet. Ungdom som kjem på institusjonar, kan tidligare ha opplevd å ha uklare eller varierende grenser. Det handlingar som er lov eine dagen, ikkje er lov den neste, for å så snu igjen. (Larsen, 2012, s.27). I tillegg kan ungdommen ha fleire tidligare tiltak som ikkje har fungert før institusjonsplasseringa. Dei fleste ungdommane som kjemt til institusjonar i dag har behov for meir enn tradisjonell omsorg, ettersom dette kan ha vert mangelfullt i oppveksten (Larsen, 2012, s.17). Ut frå dette kan det allereie ligge mangelfull motivasjon eller ein form for mistillit hos ungdommen som ein må jobbe med før ein kan fremme brukarmedverknad. Ein ungdom som er motivert for endring og dialog, kan gjere det enklare for institusjonen å legge til rette for brukarmedverknad, og gje ungdommen større innverknad på situasjonen sin. Reime og Fjær (2010, s.32) grunnjev dette med at brukarmedverknad er todelt og at den handlar både om ungdoms vilje og evne for deltaking, men også institusjonen sin tilrettelegging.

Ein kan hamne i situasjonar der ungdommen og miljøterapeuten har liknande interesser. Dette kan fremme brukarmedverknad. Nyttar miljøterapeuten interessene, kunnskapen og ferdigheitene sine i samarbeid med ungdom (Tjersland et.al, 2013, s.252), kan det tenkast at relasjonen vil kunne etablere seg raskare og ein vil ha ein betre relasjon ettersom ein lettare vil ha noko å snakke om, og terskelen for å ta kontakt vil verte mindre. Relasjonen som tidligare nemnt er viktig for å kunne utføre det miljøterapeutiske arbeidet (Tjersland et.al, 2013, s.124). Ved same interesser kan det vere enklare for ungdommen å komme å fremme ønsker om for eksempel aktivitet, og det kan også hjelpe inn i relasjonsbygginga mellom miljøterapeuten og ungdommen. Ungdommen kan gjennom dette oppleve meistring, utvikling og forbetre sin sosiale kompetanse som kan ha vert mangelfullt frå tidligare (Kvaran & Holm, 2010, s.32). Tek ein samstundes omsyn til ungdommens ønske om å få utføre aktivitet og

interesser så vil det også omhandle brukarmedverknad (Thrana, 2008, s.19), og ungdommen vert delaktig i avgjersla.

5.4 Miljøterapi som ein hemmande faktor for brukarmedverknad

Dersom ein ser på maktaspektet ved institusjonane, vil det då vere mulig at miljøterapien kan verte ein hemmande faktor for brukarmedverknad opp mot ungdommen? Ungdommen i undersøkinga til McCarthy (2016, s.377) kom med ytringa at ungdom som oppfører seg stille og manglar sjølvtilitt, kan tolkast som likegyldige til kva som skjer med dei. På den andre sida så er ungdommen som kan verke valdsame i form av åtferd, og rett fram med meiningane sine. Desse kan bli oppfatta som vanskelige og derfor kan det verte vanskeligare for dei å bli høyrd og få bruke brukarmedverknad. Eit problem som McCarthy (2016, s.378) visar til er at enkelte miljøterapeutar har lett for å godta avslag frå ungdommen, framfor å motivere dei til å komme med ytringar for å komme med brukarmedverknad. Alt ovanfor kan miljøterapeutar og eller institusjonen bruke som ein unnskyldning for å ikkje måtte høyre på ungdommen, eller ta hensyn til kva ungdommen ønsker. I McCarthy (2016, s.380) seier ein ungdom «Once a social worker makes a decision I don't think there is any compromise». Miljøterapeutane og institusjonen har makt til å kunne gjere dette. Ved å sjå på Arnstein (1969) sin modell så kan ein vise til *informasjonsnivået*. Der ungdommen berre vert informerte og ikkje får mulighet til å påverke ettersom dei kan tolkast som vanskelige. Det kan også argumenterast for at det ikkje er medverknad i det heile tatt. Etersom ungdommen seier at det berre er å gje opp når miljøterapeuten har bestemt seg, og bruker makta si til å styre, og bestemme (Grimen, 2013, s.28). McCarthy (2016, s.376) fortel også at ungdommen oppfører seg på institusjonen, og fyller beskjedar til punkt og prikke i trua om at dei då får meir tid med familien sin. Grimen (2013, s.53) visar til dette gjennom at miljøterapeutar lagar føresetnader for at ungdommen skal få meir tid med familien. På den andre sida seier også Grimen (2013, s.53) at når ungdom gjer tillit til miljøterapeutar vert det opna eit handlingsrom der ungdommen forventar at miljøterapeuten jobbar etter ungdommens interesser. Det kan hende at miljøterapeuten handlar etter ungdommens behov og ikkje ønske. Larsen (2012, s.53) visar til at miljøterapi skal innehalde tilbakevendande strukturar i form av faste rutinar. Ut frå dette kan ein tenkje at grunn for å ikkje gje meir tid med familien kan vere at ungdommen har hatt uklare grenser og ritunar i heimen (Larsen, 2012, s.27) Ungdommen opplevde også uklare svar når det vart snakka om å opphalde seg meir med familien (McCarthy, 2016 s.376). Dette kan også sjåast som at det er miljøterapeutisk ugunstig for ungdommen å reise heim og opphalde seg saman med familien. Kvaran og Holm (2012, s.241) seier at ein kan jobbe miljøterapeutisk

uavhengig av kvar ein er, men det kan tenkast at heimen ikkje er tilrettelagt for den utviklinga som ungdommen treng. Dette ettersom ein institusjonsplassering vil bli ein kompensasjon for familien, som i utgangspunktet ikkje klarte å løyse utfordringane til ungdommen (Larsen, 2012, s.26).

Det kan tenkast at i situasjonar det ungdom føler at dei ikkje blir høyrd, kan miljøterapeuten handle ut frå eit *brukarperspektiv*. Dette ved at miljøterapeuten trur at han handlar ut frå ungdomens beste. Det kan fortsatt omhandle *brukarperspektivet* sjølv om ungdommen ikkje får seie si meining (Seim & Slettebø, 2007, s.21). Miljøterapi handlar grunnleggande om å legge til rette for utvikling og endring (Larsen, 2012, s.22), men dersom miljøterapeuten meiner at den beste måten å legge til rette for endring er ein situasjon der ungdommen reagerer med å verte reservert og eller usikker. Så vil dette kunne gå mot brukarmedverknadsomgrepet, sidan ungdommen ikkje har fått sagt si meining, eller ikkje fått påverka situasjonen for å sjølv. Ytringa til ungdommen og *brukarperspektivet* inn i miljøterapi viser igjen til viktigheita av å ha ein relasjon til ungdommen. Dersom miljøterapi og brukarmedverknad skal kunne gå i lag er ein avhengig av relasjon, dialog og samarbeid, som ungdommen i datamateriellet fortel (McCharty, 2016, s.379). «Å ha en god relasjon til de voksne, sammen med opplevelsen av autonomi kan bidra til å redusere maktubalansen (...), og gjøre kommunikasjonen lettere» (Reime & Fjær, 2010 s.31).

6.0 Oppsummering

Problemstillinga i denne oppgåva dreia seg om korleis ein kan legge til rette for brukarmedverknad. Det har vist seg å ikkje vere rett fram, eller noko ein berre kan bestemme seg for. For å kunne gje rom for brukarmedverknad må fleire faktorar vere på plass som dialog og samarbeid. Dialog og samarbeid treng ein for å kunne nå opp på stigen til Arnstein (1969), og til dei trinna der ein kan kalle det brukarmedverknad. Uformelle situasjonar som ikkje er planlagde, der ungdommen kan ta kontakt med miljøarbeidaren, eller vis versa er ofte dei beste mogelegheitene for brukarmedverknad. Miljøarbeidaren trenger også berre å vere tilgjengelig for dialog. Samtidig som miljøterapeuten må passe på å opptre ekte og oppriktig i måten ein går fram på. Generelt sett kjem det fram at ungdom er fornøgd med brukarmedverknaden under institusjonsopphald og på sjølve institusjonen. Men dei meiner fortsatt at miljøterapeutar og institusjonar må høyre meir på kva ungdommen seier, og ta omsyn til synspunkta.

Funnet som overraska mest gjennom oppgåva var at stille og usikker ungdom kunne tolkast som likegyldig til kva som skjedde med dei. Eller at ungdom som er veldig munnleg og rett fram vert tolka som vanskelege å jobbe med. Denne «unnskyldninga» slik eg ser det kan verke hemmande for relasjonen og samarbeidet mellom miljøterapeutar og ungdommar.

Avslutningsvis må det spesifiserast at brukarmedverknad vil som regel opplevast subjektivt, og er ulik for alle involverte. Funn kan derfor ikkje generaliserast til liknande situasjonar, med annan ungdom eller personell. Brukarmedverknaden er situasjonsavhengig og fleksibel frå situasjon til situasjon og kva ungdom og miljøarbeidarar som er involverte i den. Det ein kan ta med seg vidare er nøkkelpunkta frå ungdommen om at miljøterapeutar og institusjonar må lytte til ungdommen og vere tilgjengelig. I tillegg til at det må føreligge motivasjon og vilje frå begge partar til å samarbeide og saman finne den beste løysinga på utfordringa eller situasjonen.

7.0 Litteraturliste

Arnstein, S. R. (1969). *A Ladder of Citizen Participation*. Journal of the American Institute of Planners, 35(4), 216-224. DOI: 10.1080/01944366908977225

Aubert, K. M. (2009). Relasjon. *Store norske leksikon*. Henta frå: <https://snl.no/relasjon>

Barnekonvensjon. (1989). *FNs konvensjon om barnets rettigheter av 20.november 1989*.

Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/fns-barnekonvensjon/id88078/>

Barnevernloven. (1992). *Lov om barneventjenester av 17.juli 1992 nr. 100*. Henta frå:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100?q=bv17>

Bekkemellem, O (2016, 12.10.) *Hvordan er den nye barnevernloven?* Henta frå:

<http://www.forandringfabrikken.no/hvordan-er-den-nye-barnevernloven/>

Dalland, O. (2015). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Grimen, H. (2013). *Hva er tillit*. Oslo: Universitetsforlaget

Kvaran, I. & Holm, J. (2012). *Barnevernsfaglig miljøterapi*. Kristiansand: Cappelen damm høyskoleforlaget.

Larsen, E. (2012). *Miljøterapi med barn og unge organisasjonen som terapeut*. Oslo: Universitetsforlaget.

Lindboe, K. (2012). *Barnevernrett*. Oslo: Universitetsforlaget.

McCarthy, E. (2016). *Young People in Residential Care, their Participation and the Influencing Factors*. Child Care in Practise, 22(4), 368-385. DOI: 10.1080/13575279.2016.1188763

NOU 2016:16 (2016) *Ny barnevernslov, sikring av barnets rett til omsorg og beskyttelse*.

Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/53164b1e70954231b2a09d3fdec1888b/no/pdfs/nou201620160016000dddpdfs.pdf>

Oppedal, M. (2007). *Barns og foreldres brukervedvirkning i et juridisk perspektiv*. I Seim, S. & Slettebø, T. (red.). (2007). *Brukermedvirkning i barnevernet*. Oslo: Universitetsforlaget.

Reime, M. A. & Fjær, S. (2010). *Å tilhøre, å bli, å delta: medvirkning i overgangen fra barneverninstitusjon til voksenliv*. Fontene forskning, 2010(2), 27-38. Henta frå: <http://fonteneforskning.no/pdf-15.26537.0.3.19f6862310>

Seim, S. & Slettebø, T. (2007). *Brukermedvirkning i barnevernet*. I Seim, S. & Slettebø, T. (red). (2007). *Brukermedvirkning i barnevernet*. Oslo: Universitetsforlaget.

Statistisk Sentralbyrå (2016, 01.07). Barnevern, 2015. Henta frå: <https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/statistikker/barneverng/aar/2016-07-01#content>

Statistisk sentralbyrå. (2016). *Hovudtal for barnevernsstatistikken*. Henta frå: <https://www.ssb.no/272233/hovudtal-for-barnvernsstatistikken>

Støren, I. (2010). *Bare søk! Praktisk veiledning i å systematisere kunnskap*. Oslo: Cappelen Damm.

Thrana, H. M (2013) *Kjærlighet: en kjærnekompetanse i profesjonelt barnevernsarbeid?* Norges Barnevern, 2013(1), 4-17. Henta frå: https://www.idunn.no/file/pdf/60649169/kjaerlighet_en_kjernekompetanse_i_profesjonelt_barneverns.pdf

Thrana, H. M. (2008). *Vil jeg bestemme? Om barn og unges medvirkning*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Tjersland, O., Engen, G. & Jansen, U. (2013) *Allianser: Verdier, teorier og metoder i miljøorientert terapi med barn og unge*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Verpe, A. M. & Engja, H. (2004). *Barn på venting: Institusjonsarbeid med barn under offentlig omsorg*. Kristiansand: Høyskoleforlaget